



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Formannskapet  
**Møtedato** 31.05.2018  
**Møtetid:** Kl. 15:00 - 18:10  
**Møtestad:** Kommunehuset

Av 9 medlemmer møtte 8, inkludert varamedlemmer.

Medlemmer møtte:	Parti:
Aadland, Nils	A
Øystese, Olaug Karin	A
Frøland, Knut Harald	BL
Tveit, Lena	BL
Røen, Arild	H
Aasgaard, Inge	KRF
Røen, Øyvind	SP
Tjønnå, Monica	SP

Desse medlemmene møtte ikkje:	Parti:	I staden møtte:	Parti:
Haga, Odd Arne	FRP		

### Møtenotater:

Andre som var til stades på møtet:

- Rådmann Charlotte Hageberg
- Økonomisjef Nina Erdal (under sak 021 - 025/2018)
- Rådgjevar Jan Erik Boge

<b>Møteleiar:</b>	Knut Harald Frøland
<b>Møtesekretær:</b>	Jan Erik Boge

**Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:**

Tysse, 01.06.2018

---

Frøland, Knut Harald  
ordførar

---

Jan Erik Boge  
rådgjevar

Desse sakene vart handsama:

## Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
021/2018	18/378	Faste saker	
022/2018	18/338	Økonomirapportering pr 1.tertial 2018	
023/2018	18/338	Finansrapportering pr 1.tertial 2018	
024/2018	18/20	Årsmelding Samnanger kommune 2017	
025/2018	18/284	Godkjenning av kommunerekneskapen 2017	
026/2018	18/377	Høyringsuttale til utkast til prehospita plan for Helse Bergen HF	
027/2018	18/242	Uravstemming - hovudtariffoppgjeret 2018	
028/2018	17/401	Tilleggslyving til ny sekretærstilling ved sørvissenteret	
029/2018	15/936	Delegeringsreglement for Samnanger kommune	
030/2018	18/345	Val av aksjonskomite til TV-aksjonen 2018	
031/2018	17/955	Søknad om tilskot til rehabilitering av fabrikkpipe ved Safa fabrikk	
032/2018	10/311	Tannhelsetenesta - søknad om å delta i prøveordning	
033/2018	13/799	Feieavgift fritidsbustad - Samnanger	

## SAKNR. 021/2018: Faste saker

### 31.05.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

#### Godkjenning av møtennkalling og sakliste

Det var ingen merknader til møteinnkallinga eller saklista.

Ordfører Knut Harald Frøland (Bl) foreslo at dei tre siste orienteringane som var meldt inn til møtet, vart haldne heilt til slutt i møtet. Formannskapet slutta seg til dette forslaget.

#### Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte

Ordfører Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om e-post frå Odd Arne Haga (Frp), der han har meldt inn følgjande merknad til møteprotokollen for formannskapet 08.05.2018:

- *Eg godkjenner ikkje referat frå forrige formanns møte.*

Denne merknaden blir teken inn i protokollen for formannskapet 31.05.2018. Ordføreren orienterte om at bakgrunnen for merknaden er at Odd Arne Haga meiner at det i møteprotokollen for formannskapet 08.05.2018 ikkje er gitt korrekt informasjon om kva dokument som vart delt ut i møtet. Rådmann Charlotte Hageberg orienterte i møtet 31.05.2018 om at administrasjonen har sjekka at det som står i protokollen er korrekt.

Ordføreren orienterte også om at Odd Arne Haga i same e-posten har meldt ein merknad til formannskapssak 024/2018 om årsmelding for 2017 for Samnanger kommune. Det var semje i formannskapet om at denne merknaden ikkje blir teken inn i møteprotokollen for formannskapet 31.05.2018.

#### Orienteringar

##### Påstand om feil ordbruk av varaordfører

Knut Harald Frøland (Bl) viste til at leiar i kontrollutvalet, Brigte Olav Gåsdaal, i e-post til ordføreren har opplyst at han har fått informasjon om at varaordfører Øyvind Røen (Sp) i eit formannskapsmøte brukte formuleringa "tullearbeid" om kontrollutvalet sitt arbeid. Øyvind Røen orienterte om at han med ein gong ordføreren hadde vidaresende han denne e-posten, hadde informert om at han ikkje hugsar at han hadde brukt dette uttrykket spesielt, men at han beklaga ordbruken dersom han hadde brukt eit slikt ord. Ordføreren oppmoda formannskapet om at dersom det vert brukt ord som ikkje høver seg, så må ordføreren få beskjed om dette med ein gong.

##### Spørsmål frå Fjordtønna om skatteplikt på tilskot

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om at eigar av Fjordtønna har stilt spørsmål til administrasjonen om tilskotet på 400.000 kroner som kommunestyret løyvde i sak 014/2018, vil vera skattepliktig.

##### Teigavika

Ordfører Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om at Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) i samarbeid med kommunen har laga ei skisse til korleis området i Teigavika kan tilretteleggast best mogleg. Kostnaden er estimert til 2 - 2,5 millionar kroner, og kommunen reknar med å få tilskot til delar av kostnaden. Det er ei målsetting at prosjektet skal vera fullført til sommaren 2019.

#### Vurdering av mogleg samarbeid med IKT Nordhorhordland

Charlotte Hageberg orienterte om status i saka. Saka vil bli lagt fram for kommunestyret 14.06.2018.

#### Forvaltningsavtale med Kinnect Energy om konsesjonskraft

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte. Det er inngått avtale med Kinnect Energy (tidlegare Bergen Energi) som gjeld og med 2019, med prissikring på minst 5 millionar kroner for sal av kommunen si konsesjonskraft i 2019. Rådmannen orienterte vidare om at inntekta sal av konsesjonskrafta i 2018 vil bli nesten 5,5 millionar kroner. Dette er om lag 2,4 millionar kroner meir enn opprinneleg budsjettert i 2018.

#### Innspel planprogram K5 og Tokagjelet

Ordførar Knut Harald Frøland orienterte. Sak om desse planprogramma vil bli lagt fram for kommunestyret.

#### Premiss for økonomiplan 2019-2022 og årsbudsjett 2019

Ordførar Knut Harald Frøland orienterte. Det går fram av kommunestyret sitt premissvedtak 26.04.2018 (sak 010/2018) at det skal løyvast ein fast årleg sum til kyrkja til vedlikehald, samt at det skal løyvast ein fast årleg sum til kontroll og tilsyn (kontrollutvalet). Administrasjonen har ikkje hatt kapasitet til å utgreia/leggja fram desse to sakene til formannskapsmøtet 31.05.2018. Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om at ho i møte med kyrkja 31.05.2018 foreslo at kyrkja tek opp eit lån på totalt om lag 4 millionar kroner til nødvendige vedlikehaldsprosjekt. Kommunen vil måtte garantera for eit slikt lån. Sak om premiss økonomiplan vil koma opp i formannskapsmøtet i 30.08.2018.

#### Salssum bustad i Arna

Ordførar Knut Harald Frøland (BI) orienterte om at bustadeigedomen i Arna som kommunen (Samnangerheimen) nyleg arva no er selt for 3,27 millionar kroner. Kommunen sit igjen med nettoinntekt på ca. 3 millionar kroner. Desse midlane kan berre brukast til investeringar på Samnangerheimen. Det er førebels ikkje bestemt konkret kva midlane skal brukast til.

#### Sjukefråværsstatistikk

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om sjukefråværet i april 2018, samanlikna med sjukefråværet i april 2017. Sjukefråværet var markert lågare i april 2018 enn det var i april 2017. Dette gjeld både korttids- og langtidsfråværet. Sjukefråværsstatistikk fordelt pr. måned (og samanlikning med førre år) vil heretter bli ein del av den faste økonomirapporteringa til politisk nivå i kommunen. Rådmannen orienterte også om sjukefråværs-/nærværsprosjektet og leiarutviklingsprosjektet som for tida pågår.

#### Vegparsell Øvre Rolvsvåg næringsområde

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om status. Det er nyleg selt ein tomt i denne delen av næringsområdet til ca. 420.000 kroenr. Byggeleiar Nina Fredriksen har rapportert at prosjektet er gjennomført i tråd med finansiering, men unnatak av tillegg på kr. 100.000 til vass-/avløpsledning. Både næringsområdet og kommunen sine bustadtømtar vert no lagt ut på Finn.no for sal via meklar.

#### Svar frå fylkesmannen på ønske om utsatt frist på lukking av avvik etter tilsyn på samfunnstryggleik og beredskapsarbeidet.

Ordførar Knut Harald Frøland (BI) orienterte om at fylkesmannen har gitt kommunen utsett fristen på lukking av avvik etter tilsyn på samfunnstryggleik og beredskapsarbeid. Fristen er no 31.12.2018.

## Utvalet sitt kvarter:

### Konsesjonsvilkår Fitjavatnet

Arild Røen (H) spurde om det ligg inne i konsesjonen for Fitjavatnet at vatnet kan regulerast. Han bad om å få ei utgreiing av/avklaring på dette i kommunestyret.

## Orienteringar som vart gjevne til slutt i møtet (etter handsaminga av sak 033/18):

### Lønsforhandlingar 2018 for rådmann og assisterande rådmann

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) bad om at møtet vart lukka under denne orienteringa, med heimel i kommunelova § 31.3. Formannskapet vedtok samrøystes å lukka møtet under denne orienteringa.

### Tvist Rolvsvåg, Krekavegen og Nyuløtræ

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) bad om at møtet vart lukka under denne orienteringa, med heimel i kommunelova § 31.5. Formannskapet vedtok samrøystes å lukka møtet under denne orienteringa.

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om status i desse sakene.

Nils Aadland (A) foreslo at formannskapet tek orienteringa til etterretning. Formannskapet slutta seg samrøystes til dette forslaget.

### Handtering av bekymringsmeldingar i barnevernssaker

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) bad om at møtet vart lukka under denne orienteringa, med heimel i kommunelova § 31.4. Formannskapet vedtok samrøystes å lukka møtet under denne orienteringa, med heimel i kommunelova § 31.4.

Inge Aasgaard bad om at gildskapen hans vart vurdert. Han gjekk frå medan formannskapet handsama gildskapen hans. Han vart samrøystes funnen gild, og gjekk så tilbake til møtebordet.

Formannskapet vart samde om følgjande fellesframlegg, som vart samrøystes vedteke:

*"Formannskapet er i dag blitt orientert av administrasjonen vedr saker knyttet til barnevern. Formannskapet tar administrasjonen si orientering til etterretning, og gir rådmannen fullmakt til bruk av eksterne ressursar til å undersøka sakene."*

Samrøystes vedtak.

## **FORM- 021/2018 Vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering. Det vert gjort eige vedtak vedr. handtering av bekymringsmeldingar i barnevernssaker.

Vedtak vedr. handtering av bekymringsmeldingar i barnevernssaker:

*Formannskapet er i dag blitt orientert av administrasjonen vedr saker knyttet til barnevern. Formannskapet tar administrasjonen si orientering til etterretning, og gir rådmannen fullmakt til bruk av eksterne ressursar til å undersøka sakene.*

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

## SAKNR. 022/2018: Økonomirapportering pr 1.tertial 2018

### 31.05.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### FORM- 022/2018 Vedtak:

Det vert gjort fylgjande budsjettjusteringar:

	Utgift opp/ Inntekt ned	Utgift ned/ Inntekt opp
<b>Driftsbudsjettet:</b>		
Redusert skatt	1 600 000	
Auka inntektsutjamning		600 000
Auka rammetilskot		26 000
Eigedomsskatt	465 000	
Konsesjonskraft		800 000
Auka tilskot IMDI		102 200
Næringsbygg Bjørkheim, riving og opprydding		200 000
Finansiering næringsfond	200 000	
Innsparing tenester for funksjonshemma		150 000
Meirforbruk sjukeheim / manglande inntekt sal av plassar	200 000	
Innsparing løn heimetenester		350 000
Innsparing helsetun		100 000
Innsparing økonomikontor		300 000
Barnevern		250 000
Hjertestartar	46 000	
Overført til pålagt innsparing organisasjon	367 200	
<b>Investeringsbudsjettet:</b>		
Frigjeringsutstyr brann	7 000	
Finansiering ubunde investeringsfond		7 000
Sal av tomt i Rolvsvåg industriområde		379 000
Avsett til ubunde investeringsfond	379 000	
Investering Rolvsvåg vassverk	102 300	
Finansiering ubunde investeringsfond		102 300
Investering Bjørkheim	11 250	
Finansiering ubunde investeringsfond		11 250
Sal av hus på Garnes		3 270 000
Utgift i samband med sal inkl tømning av hus	270 000	
Avsett til investeringsfond sjukeheim	3 000 000	
<b>Kontrollsum</b>	<b>6 647 750</b>	<b>6 647 750</b>

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert gjort fylgjande budsjettjusteringar:

	Utgift opp/ Inntekt ned	Utgift ned/ Inntekt opp
<b>Driftsbudsjettet:</b>		
Redusert skatt	1 600 000	
Auka inntektsutjamning		600 000
Auka rammetilskot		26 000
Eigedomsskatt	465 000	
Konsesjonskraft		800 000
Auka tilskot IMDI		102 200
Næringsbygg Bjørkheim, riving og opprydding		200 000
Finansiering næringsfond	200 000	
Innsparing tenester for funksjonshemma		150 000
Meirforbruk sjukeheim / manglande inntekt sal av plassar	200 000	
Innsparing løn heimetenester		350 000
Innsparing helsetun		100 000
Innsparing økonomikontor		300 000
Barnevern		250 000
Hjertestartar	46 000	
Overført til pålagt innsparing organisasjon	367 200	
<b>Investeringsbudsjettet:</b>		
Frigjeringsutstyr brann	7 000	
Finansiering ubunde investeringsfond		7 000
Sal av tomt i Rolvsvåg industriområde		379 000
Avsett til ubunde investeringsfond	379 000	
Investering Rolvsvåg vassverk	102 300	
Finansiering ubunde investeringsfond		102 300
Investering Bjørkheim	11 250	
Finansiering ubunde investeringsfond		11 250
Sal av hus på Garnes		3 270 000
Utgift i samband med sal inkl tømning av hus	270 000	
Avsett til investeringsfond sjukeheim	3 000 000	
<b>Kontrollsum</b>	<b>6 647 750</b>	<b>6 647 750</b>

## SAKNR. 023/2018: Finansrapportering pr 1.tertial 2018

### 31.05.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### FORM- 023/2018 Vedtak:

Finansrapportering for 1.tertial 2018 vert tatt til etterretning.

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Finansrapportering for 1.tertial 2018 vert tatt til etterretning.

## SAKNR. 024/2018: Årsmelding Samnanger kommune 2017

### 31.05.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Arild Røen (H) viste til revisjonsrapporten som ligg som vedlegg til formannskapssak 025/18 om



årsrekneskap 2017, og spurde om status for dei punkta som er bemerkta i rapporten. Økonomisjef Nina Erdal orienterte kort om status for desse punkta.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteken.

**FORM- 024/2018 Vedtak:**

Årsmelding for Samnanger kommune for 2017 vert teken til orientering.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Årsmelding for Samnanger kommune for 2017 vert teken til orientering

## **SAKNR. 025/2018: Godkjenning av kommunerekneskapen 2017**

**31.05.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FORM- 025/2018 Vedtak:**

Rekneskapen for 2017 vert godkjent slik han ligg føre. Mindreforbruk/overskot for 2016 på 8921,55 vert sett over til disposisjonsfondet.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Rekneskapen for 2017 vert godkjent slik han ligg føre. Mindreforbruk/overskot for 2016 på 8921,55 vert sett over til disposisjonsfondet.

## **SAKNR. 026/2018: Høringsuttale til utkast til prehospital plan for Helse Bergen HF**

**31.05.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Etter den innleiande debatten bad ordførar Knut Harald Frøland (Bl) om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Monica Tjønnå (Sp) fram følgjande fellesframlegg til tillegg til rådmannen sitt framlegg til uttale:

*"-det må lagast landingsplass for ambulanshelikopter på Trengereid i samband med planlagt ambulansestasjonering der.*

*-det må kartleggast moglege og trygge (sjekke opp i kraft/telefonledningen på plassar som er aktuelle) landingsplasser for ambulanshelikopter i nærliggjande kommunar. Desse må inn i plan."*

Med dette tillegget vart rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke.

**FORM- 026/2018 Vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg til høyringsuttale til utkast til prehospital plan for Helse Bergen HF vert vedteke, men med følgjande tillegg:

-det må lagast landingsplass for ambulansehelikopter på Trengereid i samband med planlagt ambulansestasjonering der.

-det må kartleggast moglege og trygge (sjekke opp i kraft/telefonledningen på plassar som er aktuelle) landingsplasser for ambulansehelikopter i nærliggjande kommunar. Desse må inn i plan.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg til høyringsuttale til utkast til prehospital plan for Helse Bergen HF vert vedteke.

**SAKNR. 027/2018: Uravstemming - hovudtariffoppgjeret 2018****31.05.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FORM- 027/2018 Vedtak:**

Samnanger kommune stemmer ja til det tilrådde forslaget i hovudtariffoppgjeret 2018.

Vedtaket er gjort av formannskapet med heimel i § 2.1 i Samnanger kommune sitt delegeringsreglement.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune stemmer ja til det tilrådde forslaget i hovudtariffoppgjeret 2018.

Vedtaket er gjort av formannskapet med heimel i § 2.1 i Samnanger kommune sitt delegeringsreglement.

**SAKNR. 028/2018: Tillegssløyving til ny sekretærstilling ved sørvissenteret****31.05.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FORM- 028/2018 Vedtak:**

Rådmannen får fullmakt til å utvida stillingsramma ved sørvissenteret med ei 100% stilling frå og med juli 2018. Det vert gitt tillegssløyving på inntil 300.000 kroner frå disposisjonsfondet til finansiering av lønsutgiftene i 2018. Frå og med 2019 må lønsutgiftene leggjast inn i rådmannen sitt budsjettframlegg.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Rådmannen får fullmakt til å utvida stillingsramma ved sørvissenteret med ei 100% stilling frå og med juli 2018. Det vert gitt tilleggslyyving på inntil 300.000 kroner frå disposisjonsfondet til finansiering av lønsutgiftene i 2018. Frå og med 2019 må lønsutgiftene leggjast inn i rådmannen sitt budsjettframlegg.

## **SAKNR. 029/2018: Delegeringsreglement for Samnanger kommune**

### **31.05.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Rådgivevar Jan Erik Boge orienterte om at det mest korrekte i denne saka vil vera at det er arbeidsgruppa, ikkje rådmannen, som skal gje tilråding i saka. Det var semje i formannskapet om at teksten i saka derfor skulle endrast frå "Rådmannen sitt framlegg til vedtak" til "Arbeidsgruppa sitt framlegg til vedtak".

Med denne endringa vart framlegget til vedtak samrøystes vedteke.

### **FORM- 029/2018 Vedtak:**

Arbeidsgruppa sitt framlegg til nytt delegeringsreglement vert vedteke. Reglementet gjeld frå og med 15.06.2018.

Det skal hausten 2018 leggjast fram eiga sak om delegeringar etter plan- og bygningslova. Rådmannen får ansvar for å førebu og leggja fram denne saka.

Delegeringsreglementet skal reviderast ved behov.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Arbeidsgruppa sitt framlegg til nytt delegeringsreglement vert vedteke. Reglementet gjeld frå og med 15.06.2018.

Det skal hausten 2018 leggjast fram eiga sak om delegeringar etter plan- og bygningslova. Rådmannen får ansvar for å førebu og leggja fram denne saka.

Delegeringsreglementet skal reviderast ved behov.

## **SAKNR. 030/2018: Val av aksjonskomite til TV-aksjonen 2018**

### **31.05.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FORM- 030/2018 Vedtak:**

Ordførar vert leiar av TV-aksjonen. Samnanger kommune ber Samnanger kyrkjelyd om å stilla med 2 medlemmar i komiteen. Rådmannen stiller med sekretær. Komiteen bestemmer sjølv om dei ønskjer å trekke inn andre ressurspersonar.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Ordførar vert leiar av TV-aksjonen. Samnanger kommune ber Samnanger kyrkjelyd om å stilla med 2 medlemmar i komiteen. Rådmannen stiller med sekretær. Komiteen bestemmer sjølv om dei ønskjer å trekke inn andre ressurspersonar.

**SAKNR. 031/2018: Søknad om tilskot til rehabilitering av fabrikkpipe ved Safa fabrikk****31.05.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FORM- 031/2018 Vedtak:**

Samnanger kommune støttar Safa fabrikk med kr 100 000 til rehabilitering av Safa-pipa. Kr 10 000 vert tatt frå kulturavdelinga sitt budsjett for kulturvern og kr 90 000 frå næringsfondet.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune støttar Safa fabrikk med kr 100 000 til rehabilitering av Safa-pipa. Kr 10 000 vert tatt frå kulturavdelinga sitt budsjett for kulturvern og kr 90 000 frå næringsfondet.

**SAKNR. 032/2018: Tannhelsetenesta - søknad om å delta i prøveordning****31.05.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FORM- 032/2018 Vedtak:**

Samnanger kommune søker om å få delta i prøveprosjekt åleine eller saman med kommunar nær oss med tannlege i kommunal regi.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune søker om å få delta i prøveprosjekt åleine eller saman med kommunar nær oss med tannlege i kommunal regi.

**SAKNR. 033/2018: Feieavgift fritidsbustad - Samnanger****31.05.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FORM- 033/2018 Vedtak:**

Samnanger kommune innfører med verknad frå 2018 eit gebyr på kr. 449,- inkl. mva pr. år pr. fritidsbustad for feie- og tilsynstenester. Det nye gebyret vert teke inn kommunen sitt avgiftshefte.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune innfører med verknad frå 2018 eit gebyr på kr. 449,- inkl. mva pr. år pr. fritidsbustad for feie- og tilsynstenester. Det nye gebyret vert teke inn kommunen sitt avgiftshefte.